



**POLITIET**  
Østfinnmark politidistrikt

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
29. 04. 2014	
Ark. saksnr	Løsnes
Bakst.	Tilgangskode

Til Fylkeskommunar og kommunar i , Vest – og Aust Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og fjordanen, Møre og Romsdal, Sør – og Nors Trondelag, Nordland, Troms, Finnmark og Sysselmannen på Svalbard

Deres referanse

Vår referanse

27032014 Informasjon

Dato

27.3.2014

Sentralisering av arbeidet med politiattestar.

Frå 1.april 2014 skal alle søknadar om politiattest frå fylka: Vest – og Aust Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør – og Nord Trønderlags fylka, Nordland, Troms og Finnmark, Svalbard og personar som oppheld seg i utlandet og har behov for ein politiattest handsamast hjå Politiet si eining for vandelskontroll og politiattestar i Vardo.

Vi ber om at den einskilde kommunen informerer skular, barnehagar, helseføretak, friviljuge lag og einingar om dette.

#### WEB

Frå 27. mars 2014, er det mogleg og søkje om ein digital politiattest på WEB for personar i nemnde fylke.

Vi syner til [www.politi.no](http://www.politi.no) for nærmare informasjon om dette.

#### Papir

For dei som framleis må sende søknaden med post, syner vi til [www.politi.no](http://www.politi.no) for rettleiing for utfylling av søknaden.

Her er ei lita rettleiing:

Søknadsskjema – ligg på [www.politi.no](http://www.politi.no) og er eit Pdf dokument, som å prentast før signering av sokjar.

Føremålet med attesten – stadfesting frå arbeidsgjevar – studiestad eller liknande må leggjast ved. Stadfesting frå arbeidsgjevar må vere underskriven.

Kopi av gyldig legitimasjon – lokalt politi kan stadfeste ID på søknadsskjema, og skrive under + setje politistempel på.

Sokjarar som er under 18 år, må ha underskrift av dei føresette, som og må leggje fram kopi av gyldig legitimasjon.

Sokjarar under 18 år, kan difor ikkje nytte Web-løysinga for innsending av søknadar.

**NB for helseføretak.**

For dei som driv helseføretak, er det særstakt viktig og klargjere i stadfesting av føremål, om vedkomande skal jobbe med born eller personar over 18 år med psykisk utvekslingshemming.

Døme på stadfesting kan vere:

[Namn og fnr] er tilsatt/har fått tilbod om tilsetjing som [tittel] i [kommune og tenestested] og skal yte helse- og omsorgstenester til born.

[Namn og fnr] er tilsatt/har fått tilbod om tilsetjing som [tittel] i [kommune og tenestested] og skal yte helse- og omsorgstenester til personar over 18 år med psykisk utvekslingshemming.

**Merk:**

Det er ikkje heimel i lov eller forskrift for å krevje politiattest for personar som berre skal jobbe med eldre.

**Politiattest**

Ferdig utfylt attest sendast med post.

Til den folkeregistrerte adressa, om ikkje søkeren har gjeve opp anna adresse i søknaden.

Vi har ikkje løyve til å sende ferdig utfylt attest på e-post eller faks.

Vi syner til [www.politi.no](http://www.politi.no) for nærmare informasjon om utfylling av attestane.

Det er særleg viktig å leggje merke til kva som må sendast med søknaden.

Nokre kommunar, lag og einingar har liggjande gamle søknadsskjema for politiattestar.

Vi ber om at desse vert makulert, og syner til politiet si heimeside for rett skjema.

**Søknadane skal sendast til:**

**Politiet si eining for vandelskontroll og politiattestar**

**Postboks 113**

**9951 VARDØ**

Handsamingstida er i overkant av 14 dagar frå søknaden er motteke.

Ein må rekne med noko tid med postgang.

Om det skulle vere spørsmål knytt til dette er det berre å ta kontakt.

Med helsing

Leif Sætrum

Einingssleiar

Østfinnmark politidistrikt

Politiet si eining for vandelskontroll og politiattestar

[leif.saetrum@politi.no](mailto:leif.saetrum@politi.no)

78 98 93 33

